



Dåp: Farfar, Harald Solberg Oksholen, var med då båten vart døypt «Stine». (Foto: privat)

Pustepause: Roarane fekk slappe litt av på Måløydagane før turen gjekk vidare til Nordkapp. Frå venstre: Tor Aamodt Wigum, Vegar Solberg og Bård Alfred Monsen.

KAMPANJEDAGER

Impregnerte terrassebord kl. 1

21x095 mm

10,-

PR. LM

28x120 mm

14,90

PR. LM

19,-

PR. LM

79,-

PR. M²

109,-

PR. M²

Impr. Kledning enkeltfals
19x148 mm

799,-

PR. STK

Multistige 3,5 meter med 4 ledd.
Inkludert plattform.
Fleksibel og anvendelig.

BYGGERIET



Byggeriet Måløy
Måløy – Tlf: 57 85 51 24

www.byggeriet.no
Vi tar forbehold om trykkekfeil og utsolgte varer.
Tilbudet gjelder til 4. juli.

Farfar spent på strabasios rotur

Harald Solberg Oksholen frå Deknepollen følger spent med på at barnebarnet ror frå Lindesnes til Nordkapp.



John Ivar Olsen
john.ivar.olsen@fjt.no
telefon 932 12 625

– Dei er jo galne, men på den positive måten, ler Solberg Oksholen. Han er farfar til Vegard Solberg frå Bergen og kjem opphavleg frå «Hilja» i Oksholen, Deknepollen.

Barnebarnet Vegard har med seg to kameratar som skal ro Norge på langs. Laurdag var dei innom Måløy.

Ikkje planlagt

– Vi hadde ikkje planlagt å hamne midt opp i Måløydagane, men no skal vi ta oss ein tur og sjå litt på livet, seier Solberg.

Helst ville dei ha kome litt før. – Etappen til Måløy har teke litt lengre tid enn planlagt. Vi brukte eit par dagar meir på grunn av litt knoting og dårleg vær på Sørlandet, seier han.

Effektiv roing

Målet er å ro så fort som dei klarer, og prøve å setje ei tid som kan stå som rekord.

– Vi står opp tidleg, og har omtrent 13 timar effektiv roing kvar dag, seier Solberg og legg til at dette utgjer 40 nautiske mil unnagjort med 3.5 knop i gjennomsnittsfart i timen.

Måløy var såleis berre eit kort stopp for å skaffe meir proviant og eit oversiktskart over Norge.

Spent farfar

Harald Solberg Oksholen får tekstmeldingar frå barnebarnet og han sjekkar nettstaden deira for å oppdatere seg på situasjonen.

– Det er heilt fantastisk, svarer Solberg Oksholen på spørsmål om kva han tykkjer om idéen til barnebarnet.

– Vi rodde jo i Måløystraumen og inn i Risøystraumen frå vi var 14 år. Så no får dei sjå korleis vi hadde det, ler Oksholen.

Han er ikkje i tvil om at dei kjem til målstreken ved Nordkapp.

– Desse gutane klarer det dei

set seg føre. Problemet er vel at dei satsar litt for hardt, seier Solberg Oksholen.

Genar

Farfaren er sjølv litt usikker på kor Vegard har fått dei sportslege genane frå.

– Som 19-åring sykla eg frå Måløy via Lillehammer og Gjøvik, over svenskegrensa og tilbake til Måløy, fortel han, og legg til at han har hatt mange gode fjellturer på Skåla og Hornelen øg.

– Oselvar

Dei tre roarane har allereie byrja å merke det fysiske.

– Vi har litt vondt her og der, seier medroar Bård Alfred Monsen.

Båten er ein 24 fot Oselvar; ein klinkbygd, Sør-vestlandsk 3-bordet robåttype. Den er spesialbygd til turen som 6 æring, som betyr at tre mann kan ro samtidig. Båten vart døypt i Bergen med farfar Solberg Oksholen til stades, og fekk namnet «Stine».